

Innsending av driftsplan for 2019-2020- Nye krav om godkjent driftsplan for rensefisk

Kva er ein driftsplan

For å drive akvakultur på ein lokalitet må ein ha ein årleg godkjenning av driftsplan frå Fiskeridirektoratet i tråd med akvakulturdriftsforskrifta § 40.

Frist for innsending av driftsplan for åra 2019-2020 skal sendast Fiskeridirektoratet i Altinn innan 1. oktober 2018.

Nye krav til driftsplan for rensefisk

Nytt regelverk for tilpassing til bruk, oppdrett og oppbevaring av rensefisk vart innført våren 2018. Her blei akvakulturdriftsforskrifta § 40, som omfattar krav til driftsplan og brakklegging, også gjort gjeldande for rensefisk. Det vert i § 40 tredje ledd opna for at rensefisk frå siste utsett kan stå igjen på lokaliteten under brakklegginga, og at ein kan setje ut rensefisk under brakkleggingsperioden, dersom dette er forsvarleg ut frå omsyn til smitte.

Det er ikkje meint at bruk av rensefisk skal være så rigid at ein ikkje kan avvike frå driftsplan dersom det førekjem uføresette hendingar og mindre justeringar. Ved endring av regelverket vart det også samstundes innført krav til månadleg innrapportering av rensefisk etter akvakulturdriftsforskrifta § 44 a, b, f, g og h. Kva som står av rensefisk på lokaliteten til ei kvar tid vil framkomme av denne rapporteringa.

Det som er viktig for Fiskeridirektoratet og Mattilsynet er å vite om det er planlagt bruk av rensefisk på lokaliteten i driftsperioden og om lokaliteten er tom for rensefisk i brakkleggingsperioden. Ein må derfor ved søknad om godkjenning av driftsplan markere om ein har planlagt bruk av rensefisk på lokaliteten både i driftsperioden og i brakkleggingsperioden. Dersom dette vert endra må ein søkje om endring av driftsplan.

Utfylling og kvalitetssikring av søknad

Driftsplansøknad, og alle vedlegg knytt til søknaden, skal sendast via skjema i Altinn. Dette gjeld også endringar av tidlegare innsendt plan. Alle løyve på lokaliteten vert automatisk henta inn i ei liste i søknadsskjemaet. Denne lista kan søkjaren redigere. Selskapa må fjerne dei løyva som ikkje skal driftast på lokaliteten, før søknaden blir sendt inn. Dette er særleg viktig på lokalitetar der det er planlagt drift av løyve med særlege vilkår (eksempelvis «grøne løyve», løyve til forskning, undervising, stamfisk, vising, løyve til kapasitetsauke i 2015).

Fiskeridirektoratet mottar alle søknader, og kvalitetssikrar at søknaden inneheld nok informasjon til å kunne saksbehandlast. Søknaden kan ikkje handsamast før den er komplett og rett utfylt i tråd med punkta under. Dersom søknaden har manglar vil Fiskeridirektoratet

krevje at det vert sendt inn ny, korrigert søknad. Først når søknaden er komplett, blir den bli sendt vidare til Mattilsynet.

For å spare tid på utfylling av søknaden, kan ein lage ein kopi av den sist(e) godkjende planen for 2019-2020 og redigere denne, slik at den viser driftsplansøknad for 2019-2020.

Minimumskravet til utfylling av driftsplansøknaden:

1. Det skal sendast inn separate driftsplansøknader for kvart selskap (organisasjons nr.) Unntak er på lokaliteter der det er godkjent samdrift, der det skal sendast inn felles driftsplan.
2. Det må kome fram av driftsplanen kva for løyver som vert drifta på den enkelte lokalitet. Det enkelte løyve må veljast separat og må vere rett.
3. Når det gjeld søknad om drift av stamfiskløyver skal det sendast inn separat søknad for kvart organisasjons nr. som innehar stamfiskløyver.
4. For andre løyver til særlege formål må antal fisk som er planlagt sett ut på kvart løyve framkome av søknaden.
5. Alle godkjende lokalitetar for kvart organisasjons nr. må vere med i søknaden, også der det ikkje er planlagt drift i driftsplanperioden.
6. Alle månadene i planen må vere utfylt med data. Planar med tomme månader vil verte sendt i retur. Periodar der det ikkje er drift på lokaliteten skal førast i skjemaet som brakklagt.
7. Tidspunkt for utsett, utslakt og tidsrom for brakklegging på lokaliteten må vere rett.
8. Art og talet på fisk som vert sett ut må vere rett.
9. Søknad om utsett og eventuell flytting av fisk til andre lokaliteter må markerast og skal berre gjelde løyve der ein sjølv er innehavar og ikkje dei ein samlokaliserer med. Det må sendast inn separate søknader for kvart selskap dette gjeld for.
10. Tidspunkt for planlagde B - og C – granskingar må leggjast inn i planen i tråd med frekvensar i NS9410:2016, *Miljøovervåking av bunnpåvirkning fra marine akvakulturanlegg.*

Saksbehandling

Mattilsynet kan fatte vedtak om avslag på søknaden for ein eller fleire lokalitetar, vedtak om lengre brakkleggingstid enn to månader på den enkelte lokalitet og koordinert brakklegging av eit område, dersom omsynet til fiskehelse tilseier det.

På lokalitetar der Mattilsynet kan godkjenne utsett, blir uttale om dette sendt til Fiskeridirektoratet som gjev vedtak om endelege godkjenninga av søknaden eller avslag om at utsett ikkje kan godkjennast. Kvar etat gjev eit sjølvstendig avslag på driftsplanen, og eventuelle klager må sendast den etaten som har avslått.

Endring av driftsplan:

- Dersom det er vesentlege endringar samanlikna med godkjent del av plan (eksempelvis i punkta 1-10 over), skal det søkjast om endring av driftsplan.
- Dersom nye eller andre løyver enn dei som det er godkjent driftsplan for vert klarert og sett i drift på ein lokalitet, må det søkjast endring og driftsplan vere godkjent før det nye løyvet vert teken i bruk på lokaliteten.
- Dersom planlagt bruk av rensefisk på lokaliteten i driftsfasen eller brakkleggingsfasen vert endra. Det er ikkje nødvendig å søkje om endring ved mindre justeringar på tal eller art når det gjeld rensefisk.

Det er ikkje lov å setje ut fisk på ein lokalitet på eit nytt løyve før driftsplan endringa er godkjent av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor. Dersom ein er i tvil om endringa er vesentleg, ta kontakt med Fiskeridirektoratets regionkontor i god tid for å avklare om det må sendast søknad om endra driftsplan.

Husk at alle endringar og eventuell dokumentasjon skal sendast via skjemaet i Altinn, og ikkje direkte til Fiskeridirektoratet eller Mattilsynet.